

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV

APRIL - MAI 2007.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag: Månd. kl 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til
 Hareid IL
 6060 Hareid
President: Hans Gisle Holstad
Visepres.: Åge Nytun
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres.: Arve R. Røyset
Styremedlem: Johan Ole Brandal
Styremedlem: Oddvar Haugen
Ansv. red.: Sverre Bjåstad
Referent: april Vigdis Riise
 mai Egil Utgård
Fødselsdagar i april - mai:

Håvard Myrene	01.04
John Stennes	03.04
Bjørn H. Holstad	04.04
Aage Nytun	06.04
Håkon Eidsvik	11.04
Arne G. Grimstad	11.04
Aud Grimstad	12.04
Halkjell Dahle	06.05
Johan Ole Brandal	23.05
Hans Otto Riise	27.05

100% frammøte april:

Johan Ole Brandal, Hans Gisle Holstad
Jan Håvard Nytun, Aage Nytun, Vigdis Riise,
Ågot Riise, Arve Rikard Røyset, Bjørn Teigene
Karl Johan Brandal, Svein Johs. Flø Walter
Jensen og Egil Utgård.

100% frammøte mai:

Aud Grimstad, Bjørn Teigene, Karl Joh.
Brandal, Svein Johs. Flø, Arne G. Grimstad,
Jarle Klungsøy, Trygve Riise, Egil Utgård,
Sigbjørn Haddal, Hans Gisle Holstad, Odd
Arne Holstd, Liv Hilde Josok, Vigdis Riise,
Ågot Riise

Frammøte i april.: 59,8%

Frammøte i mai.: 58,5%

BARNET

Barnet kliv i bakkar
Og får rake legger.
Alltid tøye seg, alltid klive
Alltid nokon bakom
høgre høgre,
Blånen, vinden og stjerna
- det er kjøleg
- perlande
- kring kinn.

Tarjei Vesaas

Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb –mai 2007.
Referent: Vigdis Riise

Første mandag i april var i påskeveka med møtefri.

Andre mandag i april var 2. påskedag.

Møte 16. april

Ordinært klubbmøte der president Hans Gisle kunne helse frå distriktsguvernøren som gav uttrykk for medkjensle i sorga over at vi i Hareid kommune miste 2 menn som var mannskap på Bourbon Dolphin som forliste 12. april. vest for Shetland.

Når det gjeld nye medlemmer, så er 8 personar ”påmelde” og vil få innbyding til å ta del på møte våre framover og vi vonar dei vil finne seg til rette i klubben.

Runar Haddal frå Hareid (Kaldholen) er marknadsanalytikar v. Rolls Royce Marine og var denne kvelden innbeden for å fortelje om arbeidet sitt og Rolls Royce.

Rolls er delt opp i 4 divisjonar der Marine også er delt i 4 som er spreidd rundt i verda til Kina, USA , England og Norge /Sunnmøre og Ulsteinvik.

Marknaden for produkt og design er med dette ”world wide ” og i vekst. Det er skrive kontrakter for fleire år framover, og det er ikkje lett å så kor lenge denne oppgangen vil halde fram.

Runar fortalte og viste fleire illustrasjonar og foto av båtar og plattformer.

23. april 2007.

Dugnad på Rotarystien ved Hareidelva.

30. april 2007.

Programfritt møte m. kaffi og vafler der Øystein Alme og Kjell Roger Nevstad møtte som gjester og moglege framtidige medlemmer.... ?

President Hans Gisle las også opp ei innbyding og forslag frå John Stennes om ein fellestur til Bulgaria i november. Dette kjem vi vel tilbake til seinare dersom mange nok melder seg !

Elles gjekk praten lett rundt borda .

Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb –mai 2007.

Referent: Egil Utgård

Møte 7. mai.

Det planlagde programmet for kvelden måtte diverre gå ut, men det gjorde ingen ting ettersom programkomiteen hadde Trygve på lur med reserveprogram.

Trygve har gjennom mange år samla på historier fra Ulstein og Hareid, som eg trur han med tida har tenkt å gi ut i bokform.

Denne kvelden fekk vi høre nokre av dei.

Trygve har ei eiga medfødt evne til å formidle historiene sine på , og på sin lune humoristiske måte, er det kosteleg å høre han fortelje; det vere seg historier fra Nikkol Nevstad, Langeryst-Andreas, Arthur Solem, eller han Rolf Sin.

Kosteleg er historia om då Petter og Ragnvald Bjåstad dreiv sprengingsarbeid i Brandalsstranda. Dei hadde vore litt snarfarme med å dekke til slik ein steinsplint traff han Petter i panna. Han blødde kraftig, og dei hadde ikkje noko bandasje for hand. Lukka var at det kom ei Brandalskjerring forbi som tilfeldigvis hadde eit Sanitetsbind i veska si. Dette vart surra rundt panna hans Petter med svart isolasjonsband før turen gjekk til doktoren. Ragnvald som var ein ordknapp men slagferdig kar, synest han måtte seie noko til dama før dei drog, og då kom det forløysande: Vi gjorde deg vel ikkje opprådd?

Arthur Solem hadde og mange gode replikkar og beskrivelser. Ei av dei velkjende er då han hadde vore på rypejakt og skulle beskrive mengda på fugl og fangst.

”Når jeg skjøt inn i flokken var det som Vår Herre, ristet en dyndune”

Rolf Sin var også ein person med gode replikkar. Eine dagen møtte han søskenbarnet hans Trygve, og vart ståande berre å sjå på han.

Kva er det Rolf, kjenner du meg ikkje igjen? Nei, eg stod berre å lurte på om det var du eller ho mor di som var gift med han far din.

Ei anna historie er då dei holdt på med murane til bedehuset på Bigset. Trygve og Ole Bigseth var i fullt arbeid med å elte sement då ein av dei høg-kristlege kom forbi. Dei trudde at han ville stoppe opp å take del i dugnaden, men han spaserte roleg forbi utan å lese ivere.

Då kom det frå han Ole: Er det berre oss hedningane som skal bygge dette bedehuset.

Møte 14. mai

Denne dagen var vi på synfaring til den nye golfbana i Hovden-Rise.

Slik ser anlegget ut frå lufta i dag.



Gunnar Aursnes, som har vore ein av pådrivarane for anlegget, tok imot oss og orienterte. Her ser vi framtidige golfentusiaster får sin første golftime.

Arbeidet med planlegging av bana tok til i 1999, og etter ca. 14 månads arbeid blei reguleringsplanen godkjent i 2001– svært raskt gjort for eit så stort prosjekt. Bygginga starta i desember 2005 med opparbeiding av parkeringsplass. Arbeidet på bana starta opp i januar 2006.

Hovedentrepreneur har vore ISS Skaaret AS, Asker, med Ivan Nesset AS som underentrepreneur.

Utbyggingskostnadene er beregna til ca. 20 millioner kroner – som er full finansiert med eigenkapital. Det er søkt om moms refusjon og spelemiddler.

Bana har 9 hol med treningsareal (Driving Range og Putting green) Det er planlagt bygd klubbhus som ventetegn vil vere ferdig i 2008.



Møte 21. mai

Denne dagen var det dugnad langs med Hareidselva.

Under vassflaumen i elva hadde nokre tre som vi felte langs Rotarystien, blitt teke av flaumen, og lagt seg til på ein slik måte at dei ville hindre fisket når laksesesongen tok til. Desse måtte vi fjerne.

Johannes J. Hareide, som har vore primus motor for Rotarystien, samla sine tropper før dugnaden tok til:



Det er viktig å take vare på idyllen langs med Hareidselva.

Stien som vi i Rotary no har arbeidt med gjennom 2 år, strekker seg no heilt frå Hareidsbrua nede ved sjøen, og fram til enden av Grimstadvatnet.

Traseen er no ferdig rydda og planert. Det som står att er å få legge duk, single og gruse, noke som vi vonar å få gjort iløpet av sommaren.




Med livet som innsats, vart elva renska.

Her ser vi presidenten ballansere ut til dei største flokane



**FRAMMØTE HAREID
ROTARYKLUBB 2004/2005
2005/2006- 2006/2007**

juli	44,60	58,40	40,80
august	61,90	59,40	74,40
september	58,00	66,10	63,60
oktober	76,60	72,30	78,10
november	75,60	74,20	73,80
desember	67,70	71,00	72,20
januar	82,60	74,20	78,70
februar	75,80	65,70	79,10
mars	65,60	66,40	68,30
april	68,60	48,60	59,80
mai	61,20	58,60	58,50
juni	71,00	52,40	
Gjennomsn:	67,43	63,94	67,94
Gjennomsnittleg hittil			67,94



1.halvår 2004/2005		64,07
1.halvår 2005/2006		66,90
1.halvår 2006/2007		67,15